

**Sakshandsamar:**

Eva Moberg  
E-post: eva.moberg@sfj.no  
Tlf.: 90591452

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/11223-37  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 03.05.2018

## **Kystpilegrimsleia Referat frå møte i styringsgruppa 03.05.18, klokka 09-14, Avaldsnes**

Til stades:

Gunn Marit Lygre (RFK), Frøydis Austigard (MRFK), Knut Wik (fullmakt TFK), Marita Gunn Aarvik (SFFK), Ingeborg Midttømme (bispedømme), Synnøve Aabrekk (NCE), Hans Morten Løvrød (NPS), Rune Nylund Larsen (toktleiar opningseglasen)

Forfall:

Neshe Lie (HFK)

Frå prosjektgruppa:

Jan Auestad (RFK), Tor Titlestad (HFK), Bjørn Ringstad (MRFK), Torill Einara Nerbøvik (MRFK), Ragnhild Halle (RBD), Eva Moberg (SFFK)

Møteleiar:

Marita Gunn Aarvik

**Orienteringar :**

- Status frå NCE v /Synnøve. Orienteringar om nettside, brosjyre, app og billedmateriell. Fokus på ferdigstilling av oppdrag og overføring av informasjon på NPS sin nettside.
- Status frå NPS v/Hans Morten. Orienteringar om nettside, kopling mot nettverket av europeiske kulturveggar, langtidsplan for den nasjonale pilegrimssatsinga, ulike europeiske samarbeidsprosjekt.
- Fylkesarrangementa i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Trøndelag v/ Jan, Ragnhild, Tor, Eva og Knut.
- Hovudmarkeringa på Smøla v/Bjørn, Frøydis og Ingeborg
- Seglasen v/ Rune. Gjennomgang av seglingsplan. Formidling undervegs gjennom posting på Facebook og Instagram.
- Forslag om bodstikke/åre som følgjer seglasen. Alternativt kan ein nytte skipskista som vart nytta i 2014, der ein legg i helsingar/bøner. Styringsgruppa ønsker at sistnemnde løysing vert nytta.
- Orientering frå Ingeborg om vedtak på kirkemøtet 2018, jf. vedlegg 9 og 10.

**Sak 1 Godkjenning av referat frå forrige møte, vedlegg 1.**

Referatet vart godkjent utan merknader.

**Sak 2 Deltaking frå prosjekt- og styringsgruppa på dei fylkesvise arrangementa, samt deltaking på båtetappane.**

Alle i prosjekt- og styringsgruppa vert inviterte til dei fylkesvise arrangementa. Medlemmane i prosjekt- og styringsgruppe melder frå til sin fylkeskommune med ønsker om deltaking på båtetappane.

**Sak 3 Namn på leia**

Det vert her vist til avklaringar frå NPS, jf. vedlegg 2.

**Sak 4 Vidareføring i nytt prosjekt**

Det vert her vist til sakutgreiingar i sjå vedlegg 3-6.

**Vedtak:**

***Styringsgruppa ser på tettare koplingar mellom det regionale og statlege nivået som ein suksessfaktor i utvikling av pilegrimssatstinga i Norge. Ut frå dette ser styringsgruppa det som tenleg at det vert inngått ein samarbeidsavtale mellom Kystpilegrimsleia og NPS. Plattformen for samarbeidet kan ligge i den myndelina som er trekt opp. Målet med samarbeidsavtalen er å styrke aktørsamarbeidet på ein slik måte at heilskapen i forvaltning og prosjektutviklinga kjem prosjekteigarane og det nasjonale nivået til gode.***

***Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar får i oppdrag å utarbeide forslag til samarbeidsavtale. Forslag til samarbeidsavtale skal sendast styringsgruppa for godkjenning.***

Det vert kalla inn til møte i styringsgruppa i august, der det vert avklart organiseringsmodell for utviklingsprosjektet, jf. vedlegg 6.

**Sak 5 Eventuelt**

Orientering om bispejubileet (vedlegg 7) og svar på e-post frå Riksantikvaren v/ Leidulf Mydland 02.05.18 (vedlegg 8).

Styringsgruppa ber om at følgjande formulering vert vidareformidla til Riksantikvaren som svar på e-post frå Leidulf Mydland:

***Smøla er hovudmarkeringsstad for den offisielle opninga av Kystpilegrimsleia, jf. Riksantikvaren, Møre Bispedøme og Møre og Romsdal fylkeskommune sitt brev med invitasjon til Kongehuset om deltaking på offisiell opningsmarkering på Smøla. Styringsgruppa har lagt dette til grunn og koordinert tilhøyrande fylkesvise markeringar og ein seglas som går føre seg i tidsrommet 2. til 24 juni og som bind desse arrangementa saman. Det vert vist til seglingsplan og vedlagt program.***

***Styringsgruppa Avaldsnes 03.05.18***

**Neste møte i styringsgruppa**

Neste møte i styringsgruppa Måndag 27.august i Trondheim.

Med helsing

Eva Moberg  
fylkeskonservator

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

1. Referat frå styringsgruppemøte 31.01.18
2. Notat frå Are Skjelstad (NPS) med avklaringar frå NPS vedrørende Kystpilegrimsleia
3. Prosjektsøknad verdiskapingsmidlar
4. Tilskotsbrev frå Riksantikvaren datert 02.05.18
5. Notat om samarbeid med NPS
6. Notat om vidareføring i utviklingsprosjekt
7. E-post frå Ragna Sophie Grung Moe datert 02.05.18 med orientering om bispejubileet på Selja 8.juli 2018
8. E-post frå Riksantikvaren v/Leidulf Mydland, datert 02.0518
9. Vedtak frå kirkemøtet vedrørende uttale til trossamfunnslova, KM 10/18
10. Vedtak frå kirkemøtet vedrørende vegval for den norske kyrkja si kunst- og kultursatsing, KM 11/18.

Mottakar (ar)

Ragnhild Halle  
Gunn Marit Lygre  
Knut Wik  
Tor Titlestad  
John Erik Brakstad  
Bjørn Ringstad  
Rogaland fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Møre Bispedømmeråd  
Stavanger bispedømmeråd  
Bjørvin bispedømmeråd  
Jan Auestad  
Ingeborg Midtømme  
Sør-Trøndelag fylkeskommune  
Nidaros Bispedømmeråd  
Aarvik Marita Gunn  
Neshe Lie  
Frøydis Austigard  
Hans Morten Løvrød  
Synnøve Aabrekk  
Ellen Haugen Bergsrønning  
Rune Nylund Larsen

Kopi til:

Are Skjelstad  
Ragna Sofie Grung Moe  
Åse Bitustøl  
Per Hillesund  
Einar Vegge  
Anne-Mari Planke  
Knut Åland, NKA  
Ingebjørg Erikstad, NKA